

Kjære medlemer i Symra, tidlegare medlemer og alle med interesse for norsk folkedans!

I 2010 feira Symra 50-årsjubileum med mykje festivitas. Jubileumsboka - **"Symra 50 år 1960 - 2010"** - blir trykt i desse dagar, og på kaffikvelden onsdag 27. april kl 19.00 blir det stor lansering i Storsalen i Nordahl Brunsgt 22. Då ventar vi at dei fleste som har bestilt boka, og mange andre som vil kjøpe, møter fram for å hente boka. DVD-en med over 10 000 biletar skal også vere ferdig.

Vi reknar med at det blir stor rift om den nye boka og DVD-en, så møt fram!

Litt informasjon om boka

Boka blir på 304 sider, A4-format, stive permor og god kvalitet på papir og innbinding. Det blir over 830 biletar – dei aller fleste i fargar – og over 50 diagram/faksimilar. Både skrift og biletar blir store, så det blir greitt å lese også for oss som er litt opp i åra. Boka legg hovudvekta på dei siste 25 åra, men inneholder også mykje stoff og biletar frå dei første 25 åra. Boka er delt inn i 50 kapittel som fortel om dei ulike aktivitetane og folka i Symra og i folkedansmiljøet meir generelt. Det er store kapittel og mange biletar frå Viljan-samarbeidet, utanlandsturar, Nordleik, Isleik, NU-stemnet, BLS-stemnet, fjellturar, julefestar og andre festar, framsyningar, stildansen, 17. mai-dansing, øvingskveldar, kurs, bunader og mange andre ting. Dessutan omtale/biletar av alle rettleiarar, spelemenn og leiarar. Vi har også med ei liste over alle dei ca 1000 som har vore medlemer gjennom åra (og når dei var medlem). Mange ”rammer” med morosame episodar og hendingar finn du gjennom heile boka. Vebjørn Bakken har skriv det meste av boka, men også andre medlemer har skrive ein del. Boka blir trykt i 300 eksemplar. *Viktig: På alle biletar er namna på alle personar tatt med!*

Litt informasjon om DVD-en

DVD-en inneholder over 10 000 biletar frå alle aktivitetane i Symra gjennom 50 år. Dei aller fleste biletar er i fargar. Alle biletar som er i boka, er også inkludert. Biletar er samla i katalogar slik at det er lett å finne fram: Det finst ein katalog for kvart år. Så er det underkatalogar for dei ulike aktivitetane som pinsefeiring, Nordleik, julefestar, framsyning, 17. mai, BLS-stemnet, spelemenn, rettleiarar, leiarar etc.

Kjøp og bestilling

Bok og DVD kan kjøpast separat. Boka kostar kr 300 og DVD-en kr 100 (skikkeleg billeg!). Dei kan bestillast ved å sende pengane til Symras konto: 0536 42 59354. Husk namn! Det er lov å bestille fleire bøker/DVD-ar (fine gåver)! Sjølvsagt kan også boka kjøpast 27. april.

Vi håper mange vil kjøpe og lese det vi trur blir ei sær fin og spennande bok om livet i Symra i 50 år – om folk og hendingar - om alle du kjenner eller kjente godt eller mindre godt. **Møt opp på lanseringskvelden onsdag 27. april.** Her vil du møte mange kjente, og få boka i handa! (Gi gjerne eit hint om at du kjem, dersom du normalt ikkje går på øving i dag, så vi får kokt nok kaffi og laga nok mat!). Det blir også noko dans og underhaldning. Og mimring.

Hugs: Start kl 19.00.

Beste helsing

Boknemnda

Vebjørn Bakken, Marianne Dahl, Nina Evje, Erik Haugros og Inger Varhaugvik